

Delegeringsreglement

for

Høgskulen i Volda

Del I

Styret sin delegasjon og instruks til rektor og høgskuledirektør

Delegeringsreglementet er vedtatt av styret 4. mai 2023 (sak 24/23) med heimel i Lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2005 (uhl.) med seinare endringar.

Innholdsfortegnelse

| | |
|---|--|
| Styret sin delegasjon og instruks til rektor og høgskuledirektør..... | 1 |
| 1. Innleiing..... | 3 |
| 1.1 Formal | 3 |
| 1.2 Styringsmodell..... | 3 |
| 1.3 Generelle prinsipp..... | 3 |
| 2. Styret..... | 4 |
| 2.1 Styret sitt overordna ansvar | 4 |
| 2.2 Delegasjonssperre - «styret sjølv»..... | 5 |
| 2.3 Andre sakstyper styret ikkje har delegert..... | 6 |
| 2.4 Budsjettdisponeringsmynde og intern økonomiforvaltning | 6 |
| 3. Rektor | 7 |
| 3.1 Rektor sitt mynde etter universitet- og høgskulelova | 7 |
| 3.2 Delegasjon frå styret til rektor | 8 |
| 3.3 Instruks..... | 9 |
| 4. Høgskuledirektør..... | 9 |
| 4.1 Høgskuledirektør sitt mynde etter universitet- og høgskulelova | 9 |
| 4.2 Delegasjon frå styret til høgskuledirektør..... | 10 |
| 4.3 Instruks..... | 12 |
| 5. Nemnd for studentsaker..... | 12 |
| 5.1 Vedtak i klagesaker..... | 12 |
| 5.2 Vedtak i første instans..... | 12 |
| 6. Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda..... | 13 |
| 6.1 Mandat for forskningsutvalet..... | 13 |
| 6.1 Samansetting og funksjonstid | Feil! Bokmerke er ikkje definert. |
| 7. Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda | 13 |
| 7.1 Mandat for utdanningsutvalet | 13 |
| 7.2 Samansetting og funksjonstid | Feil! Bokmerke er ikkje definert. |

1. Innleiing

1.1 Formål

Heimel for delegeringsreglementet er Lov av 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (uhl.).

Fordelinga av mynde og fullmakter ved Høgskulen i Volda er angjeve i dette dokumentet om styret sin delegering av mynde og fullmakt til rektor og høgskuledirektør (del I) og rektor og høgskuledirektør sin vidare delegering ved Høgskulen i Volda (del II A og B).

Reglementet del I er vedteke Høgskulen i Volda sitt styre. Reglementet del II skal vedtakast av rektor (A) og høgskuledirektør (B).

Delegeringsreglementet må sjåast i samanheng med Oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda som beskriv organiseringa av verksemda.

1.2 Styringsmodell

Høgskulen i Volda har ein to-delt styringsmodell i samsvar med styret sitt vedtak.

Styret er det øvste organet ved Høgskulen i Volda. Styret har ansvar for at den faglege verksemda held høg kvalitet og for at institusjonen drivast effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld. Styret har også ansvar for at institusjonen følgjer dei rammene og måla som settast av overordna myndigkeit, jf. uhl. § 9-1 (1).

Rektor og høgskuledirektør er ansvarleg for forvaltninga av høgskulen si verksemd, på styre sine vegne. Rektor har særleg ansvar for fagleg verksemd og høgskuledirektør for administrasjonen.

1.3 Generelle prinsipp

Delegasjon er ei avgjerd av eit organ om at også et anna organ kan utøve det same myndet som det delegerande organ har.

Det kan berre delegerast til eit underordnande organ, det vil seie eit organ som kan instruerast av det delegerande organ.

Delegasjon inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg retten til å utøve det delegerte myndet. Det delegerande organet kan framleis handsame sakar innanfor det saksområdet som delegasjonen gjeld. Det er høve til delegasjon så langt det er fagleg forsvarleg og noko anna ikkje er fastsett i lov eller delegasjonsvedtak.

Prinsippa om delegasjon medfører at:

- den som får delegert fullmakt opptrer på vegne av den som delegerer, og er underlagt instruksjonsmynde og rapporteringsansvar til det delegerande organ.
- delegasjonsvedtaket/fullmakta kan tilbakekallast
- det delegerende organ kan gi instruksar om korleis tildelt avgjersle og mynde skal utøvast generelt, eller i den enkelte sak
- det delegerande organ kan avgjere enkeltsaker som i utgangspunktet gjekk inn under det delegerte myndet
- det underordna organ kan instruerast om korleis saken skal avgjerast
- det delegerande organ kan gjere om vedtak av det underordna organ i same utstrekning som om det sjølv hadde treft vedtak i saka. Det delegerande organ har framleis det formelle ansvaret for handsaminga av sakene.

Dersom den/ eller det organ som har fått delegert mynde handlar på tvers av offentleg mynde sine styringsprinsipp, kan styret som Høgskulen i Volda sitt øvste organ stillast til ansvar, jf. uhl. § 9-1 nr. 2. Underliggende organ/person som får delegert mynde er forplikta til å sikre at handsaming og avgjør skjer innanfor gjeldande rammevilkår og mandat.

2. Styret

2.1 **Styret sitt overordna ansvar**

Høgskulestyret er høgskulen sitt øvste organ, og har det overordna ansvaret for drifta av høgskulen, jf. uhl. § 9-1. Alle avgjerder ved institusjonen treft av andre enn styret, treffast etter delegering frå styret, og på styret sitt ansvar.

Styret sine viktigaste oppgåver går fram av uhl. § 9-2:

- Trekke opp strategien for høgskulen si utdannings- og forskingsverksemd og anna fagleg verksemd
- Fastsette mål og resultatkrav
- Ansvar for at høgskulen sine økonomiske ressursar og eigedom vert disponert i samsvar med avgjerder og føresetnadar frå overordna myndighet

- Føre tilsyn med den daglege leiinga av verksemda

2.2 Delegasjonssperre – «styret sjølv»

Uhl. § 9-1 nr 2 gir reglar om delegasjon, og det går fram at universitetsstyret kan delegere myndighet til «*andre ved institusjonen*».

Delegasjon kan skje i den utstrekning det er hensiktsmessig og ikkje er openbart uforsvarleg, og så lenge det ikkje følgjer av loven at «*styret selv*» skal treffe vedtak, eller det er andre avgrensingar i høve til å delegere.

Følgande saker skal i samsvar med uhl. treffast av «*styret sjølv*»:

Organisering og styring

- fastsette den overordna interne organiseringa til verksemda på alle nivå (uhl. § 9-2 (4)). Organiseringa skal vere i samsvar med gjeldande tilpassingsavtale.
- fastsette styret si samansetting (uhl. § 9-3 (2) og (3))
- fastsette reglar om val og valbarheit for institusjonen sitt styre (uhl. § 9-4 (6), (7) og (10) og reglar om val av rektor med mindre det er treft vedtak om tilsetting av rektor (uhl. § 10-2 (5))
- utnemne nemnd for studentsaker og fastsette generell instruks for nemnda (uhl. § 5-1)
- utnemne skikkanemnd (uhl. § 4-10 (6) og forskrift om skikkethetsvurdering i høgare utdanning § 7) som gir innstilling til klagenemnda
- avgjere kjøp og sal knytt til randsoneverksemnd (uhl. §12-4)

Økonomi

- fastsette hovudreglar for høgskulen si økonomiforvaltning på grunnlag av statens økonomireglement og andre sentralt fastsette reglar (§ 9-2 (2))
- fordele årlege budsjettrammer på budsjetteiningane og føre tilsyn med at ressursane blir disponert innanfor gitte rammer og i samsvar med fastsette premissar (uhl. § 9-2 (2))
- etter nærmere utgreiing gitt av departementet, gi årsrekneskap med utgreiing for resultata av verksemda og legge fram forslag til budsjett for komande år (uhl. § 9-2 (5))

Utdannings- og forskingssakar

- fastsette studieporteføljen til høgskulen (uhl. § 3-3 (3), og regulere tilgangen til studiar eller deler av studiar ut frå kapasitets- eller ressursonsyn (uhl. § 3-7(5)

- fastsette forskrift om opptak, studium og eksamen ved høgskulen (uhl. §§ 3-6 og 3-7, § 3-9 (7) og § 3-10 (3))
- gjere unntak for sensurfrist for enkelteksamener og fastsette lengre sensurfrist i mellombels forskrift (uhl. § 3-9 (4))

Personale/leing

- fastsette instruks for høgskulen sin daglege leiing (uhl. § 9-2 (3))
- avgjere kva organ som skal vedta utlysing, innstilling og tilsetting i undervisning- og forskarstillingar (uhl. § 6-3 (1)), samansetninga av tilsettjingsutvalets og prosedyre om utlysing, vurdering, innstilling og tilsetting m.m. (uhl. § 6-3 (5))
- fastsette samansetning av innstellingsutvalet og nærare reglar om innstilling m.m. ved tilsetting av leiar for avdeling (dekan) og administrerande direktør (uhl. § 11-1 (3))
- avgjere om det skal vere eitt eller fleire tilsettingsråd ved institusjonen (uhl. § 11-1 (5) og statstilsettelova § 6)
- avgjere saker etter statsansattelova § 30 om avskjed, oppseiling, suspensjon eller ordensstraff når styret er tilsettingsorgan (uhl. § 11-3 (1), jf. uhl. § 10-2 1 b)

2.3 Andre sakstyper styret ikkje har delegert

Avgjerder av overordna art bør i alminnelegheit treffast av høgskulen sitt øvste organ.
Følgande saker skal difor i tillegg til de som er nemnt i punkt 2.2 treffast av styret:

- vedtak om institusjonens budsjett
- overordna strategiske avgjerer knytt til utdanning og forsking
- utøve det overordna tilsynet med økonomi- og eigedomsforvaltninga ved institusjonen

2.4 Budsjettdisponeringsmynde og intern økonomiforvaltning

Styret har budsjettdisponeringsmynde og kan delegera denne heilt eller delvis til tilsette ved Høgskulen i Volda, jf. «*Hovedinstruks for økonomiforvaltningen ved statlige universiteter høyskoler*» pkt. 3.1.

Styret si delegering av avgjersle og mynde for økonomiforvaltninga ved Høgskulen i Volda er nærmare regulert i «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*», vedteke av styret 16.06.22 i sak 39/22.

Rektor har ikkje budsjettdisponeringsmynde etter universitets- og høgskulelova, og rektor har heller ikkje fått delegert budsjettdisponeringsmynde etter «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*».

Høgskuledirektør har generell budsjettdisponeringsmyndighet uhl. § 10-3 (5), og kan delegere i den utstrekning lov eller andre føresegn ikkje er til hinder for det. Vidare følgjer det av «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1 at høgskuledirektør mellom anna har ansvar for at den samla økonomi- og formueforvaltninga skjer i samsvar med lover og føresegn.

3. Rektor

Rektor og høgskuledirektør er ansvarleg for forvaltninga av Høgskulen i Volda si verksemrd, på styret sine vegne. Rektor har særleg ansvar for fagleg verksemrd. Dei overordna reglane for rektors funksjon/rolle følgjer av universitet- og høgskuleloven. Styret sin delegasjon av mynde til rektor går fram av delegasjonsreglementet, sjå pkt. 3.2.

3.1 Rektor sitt mynde etter universitet- og høgskulelova

Vald rektor sitt mynde går fram av uhl. § 10-2:

- a. «*Rektor er styrets leder. Rektor har på styrets vegne det overordnede ansvar for og ledelse av institusjonens virksomhet og fører tilsyn med denne. Rektor, og i dennes sted, prorektor, har rett til å delta i alle institusjonenes styrer og utvalg.*
- b. *Rektor avgjør saker i det omfang disse ikke kan utsettes til styret kan komme sammen i møte. Rektor kan også ges fullmakt til å avgjøre løpende saker som bør avgjøres før neste ordinære styremøte, og som ikke anses som viktige nok til at ekstraordinært møte innkalles. I sak om avskjed eller suspensjon kan rektor bare beslutte kortvarig suspensjon i tjenesten, i påvente av styrets behandling.*

Rektors lovfesta fullmakt kan berre brukast i dei situasjonane det ikkje er praktisk mogleg å få samla styret raskt nok. Fullmaktsakene skal refererast i fyrstkommande styremøte.

Rektor er høgskulen sin rettslege representant, stedfortredar og talsperson overfor offentlege mynde og årmenta, jf. uhl. § 12-1 (2). Når rektor representerer høgskulen, skjer dette på styret sine vegne og innanfor mandat og instruks gitt av styret.

Rektor kan peike ut stedfortredar i sitt sted, jf. uhl. § 12-2 (2) siste setning. Rektor kan delegere til oppgåva og kompetansen til å representere høgskulen til andre. Det vil i første rekke vere prorektor eller høgskuledirektør. Rektor kan delegere til andre fagtilsette der det er naturleg og forsvarleg.

Administrativt tilsette kan berre representere institusjonen etter vidaredelegering frå høgskuledirektør og under høgskuledirektør sin instruksjonsmyndighet og på høgskuledirektør sitt ansvar, jf. Ot.prp. nr. 85 (1193-94) side 45.

3.2 Delegasjon frå styret til rektor

Fullmakt på eit saksområde gir rektor rett og plikt til å treffen avgjerd innanfor saksområdet og innanfor dei rammene som fullmakta set. Rektor kan når som helst endre eller flytte delegert mynde innanfor dei rammene som fullmakta set.

Rektor har fullmakt frå styret i følgande saker:

Organisering og styring

- utnemne styret sin representant i tilsetjingsutval for vitskaplege stillingar
- supplere studentrepresentantar til Nemnd for studentsaker etter forslag frå Studentparlamentet, samt ved behov utnemne nye medlemmer til nemnda i løpet av oppnemningsperioda
- avgjere saker av utdanningspolitisk karakter dersom dette ikkje er spesifikt delegert i eigne fullmaktsoversikter
- gjere mindre endringar i retningslinjene til Utval for god forskingskikk (Redelighetsutvalg) på vegne av Høgskulen i Volda
- ta avgjerd i saker som ikkje kan vente til neste styremøte i perioden frå siste ordinære styremøte i vårsemesteret til første ordinære styremøte i høstsemesteret (sommarfullmakt). Desse fullmakktsakene skal refererast i førstkomande styremøte. Rektor kan i same tidsrom delegera denne fullmakta vidare i avgrensa periodar dersom rektor finn det naudsynt. (Uhl 10-2)

Økonomi

- godkjenne rekneskapsrapportar saman med høgskuledirektør som ut frå retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet ikkje må godkjennast av styret sjølv, jf. «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1.
- skal saman med høgskuledirektør påtale økonomiske misleghald ved høgskulen, jf. «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1.

Utdannings- og forskingssaker

- avgjere prinsipielle spørsmål av fagpolitisk karakter etter samråd med prorektor, dekanane, høgskuledirektør, studiedirektør eller forskingssjef, når avgjersla ikkje er tillagt andre organ
- vedta etablering og nedlegging av studium på lågare grads nivå, til og med 60 studiepoeng

- rektor er ansvarleg for kvaliteten i høgskulen sine studietilbod, og ansvarleg for den daglege oppfølginga av kvalitetssystemet, og aktivt bidra til oppretting og gjennomføring av kompetansehevingstiltak for vitskaplege tilsette
- gi skriftleg varsel til studentar i samsvar med uhl. § 4-8 (1) og § 7-9 (2)
- delegere oppgåver og mynde til prorektor innanfor område som gjeld utdanning- og forskingssaker

Personale/leiing

- Rektor har arbeidsgivaransvar for prorektor

3.3 Instruks

Høgskulestyret har vedtatt instruks for både rektor og høgskuledirektør som verkemiddel for å sikre eit godt samarbeid mellom rektor og høgskuledirektør i eit heilskapleg leiingsperspektiv.

Instruksen til rektor ligg som vedlegg A til delegeringsreglementet Del I.

4. Høgskuledirektør

Høgskuledirektør og rektor er ansvarleg for forvaltninga av Høgskulen i Volda si verksemd, på styret sine vegne. Høgskuledirektør har særleg ansvar for administrasjonen. Dei overordna reglane for høgskuledirektør følgjer av universitet- og høgskulelova. Styret sin delegasjon av mynde til høgskuledirektøren går fram av delegasjonsreglementet, sjå pkt. 4.2.

4.1 Høgskuledirektør sitt mynde etter universitet- og høgskulelova

Høgskuledirektør sitt mynde går fram av uhl. § 10-3 andre til sjuande ledd:

«(2) *Direktøren er øverste leder for den samlede administrative virksomhet ved institusjonene, innenfor de rammer styret fastsetter.*

(3) *Direktøren er sekretær for styret og skal, etter samråd med rektor, forberede og gi tilrådning i de saker som legges fram for dette. Direktøren er også, personlig eller ved en av sine underordnede, sekretær for de øvrige styringsorganer ved institusjonen.*

(4) *Direktøren er ansvarlig for iverksetting av de vedtak som treffes i institusjonens styringsorganer, og for disponering av ressurser og eiendom i samsvar med de vedtak som er gjort av styret.*

(5) Direktøren er ansvarlig for at den samlede økonomi- og formuesforvaltning skjer i samsvar med departementets generelle bestemmelser om økonomiforvaltningen og forutsetninger for tildeling av bevilgninger. Direktøren utarbeider og legger fram for styret budsjettforlag og årsregnskap, og holder rektor løpende orientert om regnskapets stilling i forhold til budsjettet og om andre forhold av betydning for institusjonenes virksomhet.

(6) Er styret, rektor eller administrerende direktør i tvil om et styrevedtak vil ligge innenfor bestemmelser eller forutsetninger for bevilgningene m.m., skal departementet avgjøre tvilsspørsmålet.

(7) Direktøren har generell anvisningsmyndighet og er legitimert til å utfordre bindende dokument om institusjonenes eiendommer, jf. § 12-3, så langt ikke annet følger av lov eller fremgår av vedkommende hjemmelsdokument.»

Etter uhl. § 10-3 (2) er høgskuledirektør «øverste leder for den samlede administrative virksomhet ved institusjonen, innenfor de rammer som styret fastsetter». Dette inneber at det er styret med høgskuledirektør som utgjer den øvste ansvarlege leiinga for HVO sin samla administrative verksemnd.

Etter uhl. § 10-3 (3) er høgskuledirektør saksførebuar for styret. Direktøren skal legge fram saker for styret på eigne vegne og på eige ansvar, og det er direktør som har ansvar for at saka er godt nok forberedt. I dette arbeidet skal høgskuledirektør «samrå» seg med rektor.

Høgskuledirektør er ansvarleg for å sette i verk dei vedtak som gjerast av HVO sine styringsorgan. Høgskuledirektør er også ansvarleg for disponering av ressursar og eigedom i tråd med styret sine vedtak, jf. uhl. §10-3 (4).

Høgskuledirektøren har eit sjølvstendig ansvar for å kontrollere at økonomiforvaltninga ved Høgskulen i Volda er lovleg og forsvarleg, og har eit særskilt ansvar om å sei i frå dersom økonomiforvaltninga ikkje er det, jf. uhl. § 10-3 (5), jf. (6). Høgskuledirektør skal halde rektor løypande orientert om den økonomiske situasjonen.

Vidare har høgskuledirektør rett og plikt til å utarbeide årsbudsjett og årsrekneskap, til å uttale seg om økonomiske konsekvensar av eit aktuelt forslag, og til å halde styret løypande orientert om den økonomiske situasjonen ved Høgskulen i Volda. Dette økonomiansvaret ligg til direktør etter lova, og styret kan ikkje avgrense dette ansvaret, jf. uhl. § 10-3 (5) if.

Uhl. § 10-3 (7) inneheld ein regel om legitimasjon, det vil seie at ein tredjepart skal kunne legge til grunn at direktøren har rett til å foreta dei aktuelle disposisjonane i samsvar med lov eller anna heimelsgrunnlag , til dømes dette dokumentet eller instruks gitt av styret.

4.2 Delegasjon frå styret til høgskuledirektør

Fullmakt på eit saksområde gir høgskuledirektør rett og plikt til å treffe avgjerd innanfor saksområdet og innanfor dei rammene som fullmakta set. Høgskuledirektør kan når som helst endre eller flytte delegert myndig innanfor dei rammene som fullmakta set.

Høgskuledirektør har fullmakt frå styret i følgande saker:

Organisering og styring:

- Saker av prinsipiell karakter, saker som forpliktar høgskulen økonomisk eller juridisk utover eitt år skal avgjerast av høgskuledirektøren dersom dette ikkje er spesifikt delegert i eigne fullmaktsoversikter.
- fatte administrative avgjerder (administrativ mynde) innanfor ramma av uhl., styret sine eigne avgjerer, og i samsvar med reglement og instruks frå overordna myndighet
- supplere valstyret etter behov i løpet av utnemningsperioden til valstyret
- ha møte-, tale- og forslagsrett i alle organ ved høgskulen i saker som inngår i ansvarsområdet
- ha det overordna daglege ansvaret for informasjonstryggleiken
- fastsette den administrative organiseringa, også administrativ organisering for aktuelle rådgjevande utval og råd ved institusjonen som ikkje er omfatta av lov, anna regelverk eller fullmakter/delegert mynde gitt av styret. I dette inngår også overordna ansvar for mandat, retningslinjer, rutinar, saksprogram og system. Det er ein føresetnad at avgjerer skjer med brei medverknad frå leiarar, tillitsvalde og studentrepresentantar.

Økonomi:

- skal saman med rektor påtale økonomiske misleghald ved høgskulen, jf. «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1.
- representere høgskulen i forhandlingar med eksterne partar om avtalar som bind høgskulen økonomisk eller på anna måte, jf. «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1.
- treffe avgjerd om å innrømme ansvar eller inngå forlik med erstatningsansvar i saker som ikkje er høgre enn beløp gitt i fullmakt frå Kunnskapsdepartementet, jf. «*Interne hovudreglar for økonomiforvaltning ved Høgskulen i Volda*» pkt. 2.1.

Utdannings- og forskingssaker:

- opprette og revide retningslinjer og gjennomføre mindre endringar av vedtekne forskrifter og underliggende dokument

Personale/leiing:

- ha overordna arbeidsgivaransvar for høgskulens samla personale (med unntak av rektor og prorektor)
- ha tilsettjingsmynde ved tilsetjingar for kortare tid enn inntil 6 månadar

- vere arbeidsgivarrepresentant ved drøftingar og forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane med mindre anna er avtalt eller fastsett særskilt

4.3 **Instruks**

Høgskulestyret har vedtatt instruks for både rektor og høgskuledirektør som verkemiddel for å sikre eit godt samarbeid mellom rektor og høgskuledirektør i eit heilskapleg leiingsperspektiv.

Instruksen til høgskuledirektør ligg som vedlegg B til delegeringsreglementet Del I.

5. Nemnd for studentsaker

Saker som med heimel i uhl. skal avgjerast av "*(s)tyret selv eller institusjonens nemnd for studentsaker*" delegerast til Nemnd for studentsaker ved Høgskulen i Volda.

Klagenemnda kan prøve alle sider av saka. Klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller varamedlem for leiar og to andre medlemmar er til stades. Vedtak i saker som går inn under lovens §§ 4-8 (2) og (3), 4-9 (5), 4-10 (3) treffast med minst to tredels fleirtal.

Klagenemnda blir oppnemnt av styret.

5.1 **Vedtak i klagesaker**

Styret delegerer til Nemnd for studentsaker å handsame klager over enkeltvedtak gjort av Høgskulen i Volda, med unntak av klager som skal handsamast av særskilt nasjonalt klageorgan, jf. uhl. § 5-1 (7).

5.2 **Vedtak i første instans**

Styret delegerer til Nemnd for studentsaker å handsame og gjere vedtak i saker om:

- klage over formelle feil til eksamen etter uhl. § 5-2
- annulling av eksamen eller prøve etter uhl. § 4-7
- utesengning eller bortvising, jf. uhl. §§ 4-8 og 4-9
- salærvnedsetjing ved advokatbistand etter uhl. § 4-8
- utesengning etter § 7-9 (2)
- skikkavurdering, jf. uhl. 4-10
- klage over ikkje godkjent doktorgradsavhandling, jf. uhl. § 4-13

6. Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda

6.1 Mandat for forskingsutvalet

Forskingsutvalet er eit rådgivande og strategisk organ for leiinga og styret i saker som gjeld forsking, formidling, innovasjon, forskarutdanning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og er i ein skilde saker innstillande organ og eller er gitt avgjerslemynde frå styret.

Mandat for forskingsutvalet ligg som vedlegg C til delegeringsreglementet Del I.

7. Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda

7.1 Mandat for utdanningsutvalet

Utdanningsutvalet er eit rådgivande og strategisk utval som skal stimulere og bidra til at utdanningsprogramma har høg kvalitet, er relevante for samfunnet og er i tråd med høgskulen sin strategiplan. Utdanningsutvalet skal stimulere og bidra til samarbeid og utvikling på tvers av fagområde og einingar ved høgskulen innafor utdanningsverksemda. Utvalet er i ein skilde saker innstillande organ og eller er gitt avgjerslemynde frå styret.

Mandat for forskingsutvalet ligg som vedlegg D til delegeringsreglementet Del I.